

Styresak

Går til: Styremedlemmer
Føretak: Helse Førde HF
Dato: 15.11.2023
Sakhandsamar: **Arve Varden, Øystein Helleseth og Asle Kjørilaug**
Saka gjeld: **Rapportering frå verksemda per oktober 2023**

Arkivsak

2023/944

Styresak 073/2023

Styremøte 23.11.2023

Framlegg til vedtak


Styret tek administrerande direktør si rapportering frå verksemda per oktober 2023 til vitende.

Administrerende direktør si vurdering

Resultatet for oktober syner eit negativt resultat på -5,8 millionar kroner, noko som er 7,4 millionar bak budsjett. Overordna bilete er lågare aktivitet enn budsjettert og meirforbruk knytt til løn som hovudforklaringar. I oktober vart det og bokført ekstrakostnader knytt til to pasientar på til saman 4,1 millionar.

Administrerende direktør erkjenner at aktiviteten i somatikken også i denne perioden vart lågare enn budsjettert, med eit negativt avvik på pasientrelatert inntekt på samla -5,7 millionar kroner. Avviket i aktivitet mot budsjett var særskilt stor knytt til sjukehusopphald. Dagbehandling var om lag som budsjettert, medan polikliniske konsultasjonar var høgare enn budsjettert. Trenden med overgang frå døgn til dag og dag til poliklinikk held med dette fram frå føregående månad. Administrerende direktør vil framheve at dette er ei ønska utvikling for føretaket sjølv om det heilt klart utfordrar budsjetta våre.

Innan psykisk helsevern er det god aktivitet innan poliklinikk for vaksne i oktober, men akkumulert er det svakt under fjoråret. Det er nokre færre liggedøgn i psykisk helsevern for vaksne, men dette tilseier samla sett at vi har god kapasitet i døgnavdelingar for vaksne, sett bort frå tryggleikspasientar. For tverrfagleg spesialisert rusbehandling (TSB) er det litt lågare aktivitet samanlikna med same periode i 2022. Psykisk helsevern for born og unge har lågare aktivitet enn planlagt og samanlikna med fjoråret.



Innan fag er situasjonen knytt til tilgjengelegheitsindikatorane i hovudsak uendra sidan førre månad. Administrerende direktør ventar at dei målretta tiltaka vi har sett inn for å redusere ventetidene vil påverke indikatorane frå neste månad. Vi opprettheld framleis god tilgang til rask oppstart av planlagt helsehjelp (10 prosent har starta innan 10 dagar, og 33 prosent har starta innan 30 dagar). Dette tyder på at vi er tilgjengelege for pasientar som har raskt behov for oppstart.

Innan somatikk var ventetid for ventande uendra frå førre månad (84 dagar), og høgare enn same tid i fjor (73 dagar). Ventetid for behandla er òg uendra (87 dagar). Innanfor psykisk helsevern for barn og unge (PBU) har ventetid-indikatorane betra seg gjennom ei "normalisering" av tidene etter sommarferien. Ventetidene innan PBU er vel å merke framleis for høge, og administrerende direktør meiner det er nødvendig med vedvarande fokus på problemstillinga. Ventetidene innan tverrfagleg spesialisert rusbehandling (TSB) og psykisk helsevern for vaksne (VOP) held seg innanfor langtidsmålet.

Det er reduksjon av fristbrot i oktober, og talet på pasientar med fristbrot som starta behandling (301) er høgare enn talet på nye fristbrot (255). Administrerende direktør har von om at vi framover vil sjå ein positiv trend. Det er flest fristbrot innan fagområdet fordøyelseskjukdommar, noko som er relatert til kapasitetsbrist

knytt til oppstart av screeningprogrammet for tarmkreft. Også her meiner administrerande direktør at vi må oppretthalde eit vedvarande fokus på situasjonen.


Samla sjukefråvær i september var 7,7 prosent, ein auke frå føregåande månad. Auken i fravær ser vi skjer tilsvarande i andre føretak.

FAG

Ventetid for ventande ved periodeslutt

Gjeld ventetid for nyttilviste til første behandling eller utgreiing. Gjennomsnittleg ventetid for dei ventande var:



- Somatikk: 84 dagar ved utgangen av oktober (84 i september). 73 i oktober i fjor. Altså + 11 frå i fjor.
- PHV: 22 dagar ved utgangen av oktober (18 i september). 21 i oktober i fjor. Altså + 1 frå i fjor.
- PBU: 31 dagar ved utgangen av oktober (35 i september). 24 i oktober i fjor. Altså + 7 frå i fjor.
- TSB (rus): 10 dagar ved utgangen av oktober (11 i september). 14 i oktober i fjor. Altså - 4 frå i fjor.



Ventetid - helsehjelp starta i perioden


Gjennomsnittleg ventetid for dei nyttilviste som fekk starta behandling i oktober, var:

- Somatikk: 81 hittil i år (87 dagar i oktober) – måltal er 50. 76 hittil i fjor. Altså + 5 frå i fjor.
- PHV: 32 hittil i år (25 dagar i oktober) – måltal er 40. 34 hittil i fjor. Altså - 2 frå i fjor.
- PBU: 56 hittil i år (56 dagar i oktober) – måltal er 35. 51 hittil i fjor. Altså + 5 frå i fjor.
- TSB (rus): 23 hittil i år (19 dagar i oktober) – måltal er 30. 24 hittil i fjor. Altså - 1 frå i fjor.



Fristbrot – måltal 0

- Førebels registrert 301 fristbrot på behandla pasientar i oktober, svarande til 14,3 prosent av behandla i oktober (12,1 prosent i september). Gjennomsnitt for Helse Vest er 9,1 prosent.
- Førebels registrert 255 nye fristbrot i oktober, svarande til 10,0 prosent av alle med frist i oktober (14,1 prosent i september).



Epikrisetider (septembertal)

Innan ein dag (mål 70 prosent)

- Somatikk 78 prosent. Hittil i år 77 prosent (74 prosent i heile 2022).
- Psykisk helsevern 53 prosent. Hittil i år 47 prosent (34 prosent i heile 2022).
- TSB/Rus 61 prosent. Hittil i år 68 prosent (65 prosent i heile 2022).

Innan sju dagar (mål 100 prosent):


- Somatikk 94 prosent. Hittil i år 92 prosent (91 prosent i heile 2022).
- Psykisk helsevern 86 prosent. Hittil i år 88 prosent (85 prosent i heile 2022).
- TSB/Rus 94 prosent. Hittil i år 94 prosent (90 prosent i heile 2022).

Korridorpatientar

27 korridorpatientar, svarande til 0,4 prosent av innlagde (0,5 prosent førre månad). Gjennomsnitt for Helse Vest er 1,6 prosent.

Utskrivingsklare pasientar

10 døgn i oktober, svarande til 0,2 prosent av alle liggedøgn (0,2 prosent i heile 2022). Gjennomsnitt for Helse Vest er 1,4 prosent.



Stryking av planlagde operasjonar

Det blir arbeidd med ein felles definisjon av strykingar i Helse Vest. Denne kjem snart.

AKTIVITET

Somatikk

Somatikk	Denne periode					Til no i år				
	Faktisk	Budsjett	Avvik	I fjor	Avvik	Faktisk	Budsjett	Avvik	I fjor	Avvik
DRG-poeng dag/døgn, A	1 741	1 859	-118	1 572	169	17 307	17 611	-305	16 609	697
DRG-poeng poliklinikk, A	472	479	-7	476	-4	4 508	4 446	61	4 349	159
DRG-poeng biologiske legemiddel, A	94	127	-33	88	6	1 702	1 906	-204	1 737	-35
DRG-poeng tilhøyrande andre regionar, (B)	41	63	-22	66	-25	610	634	-24	660	-50
SUM DRG poeng produsert i HF (A+B)	2 348	2 527	-180	2 202	145	24 126	24 598	-472	23 355	771
DRG-poeng behandla andre regionar, (C)	117	149	-32	62	55	1 240	1 379	-139	1 143	97
Sum DRG-poeng eigne pasientar (A+C)	2 424	2 614	-190	2 198	226	24 756	25 343	-587	23 838	918
Tal dagkirurgi/dagbehandling	1 298	1 300	-2	1 105	193	12 441	12 411	30	12 087	354
Tal sjukehusopphald	1 461	1 601	-140	1 432	29	14 262	15 226	-964	14 384	-122
Tal polikliniske konsultasjonar	11 334	10 592	742	10 404	930	103 606	101 984	1 622	99 379	4 227
DRG indeks	Faktisk	Budsjett	Avvik	I fjor	Avvik	Faktisk	Budsjett	Avvik	I fjor	Avvik
Dag/døgn	0,631	0,641	-0,010	0,620	0,012	0,648	0,637	0,011	0,627	0,021
Poliklinikk	0,042	0,045	-0,004	0,046	-0,004	0,044	0,044	-0,000	0,044	-0,000

Perioden


Samla DRG-produksjon i somatikken var 7,1 prosent lågare enn budsjett (-180 poeng) i perioden, noko som likefullt var 6,6 prosent over fjoråret (+145 poeng). Aktiviteten i perioden er 4,4 prosent høgare enn budsjett målt i samla tal behandlingar, noko som er 8,9 prosent høgare enn tilsvarende periode i fjor.

Til no i år

DRG-produksjonen hittil i år er 472 poeng lågare enn budsjettet, noko som utgjer eit avvik mot budsjett på -1,9 prosent. Aktiviteten er like fullt høgare enn tilsvarende periode i fjor, med eit positivt avvik på 3,3 prosent (+771 poeng). Målt i tal behandla eller undersøkte pasientar er aktiviteten noko høgare enn budsjett (+0,5 prosent), og samla høgare enn tilsvarende periode i fjor (+3,5 prosent).

Beleggsprosent

Reell beleggsprosent for HELSE FØRDE HF, klokka 7



Psykisk helsevern

Psykisk helsevern	Denne periode				Til no i år					
	Faktisk	Plan	Avvik frå plan	I fjor	Avvik frå i fjor	Faktisk	Plan	Avvik frå plan	I fjor	Avvik frå i fjor
Psykisk helsevern vaksne										
DRG poeng	426	425	1	427	-1	4 042	3 905	137	3 786	256
Tal heildøgnsopphald	1 507	1 587	-80	1 654	-147	14 339	15 710	-1 371	15 018	-679
Tal utskrivne pasientar	67	92	-25	78	-11	748	877	-129	785	-37
Polikliniske kons. m/refusjon	2 270	2 229	41	2 339	-69	20 421	20 496	-75	20 923	-502
Rus										
DRG poeng	42	44	-2	32	10	378	405	-27	368	10
Tal heildøgnsopphald	533	612	-79	528	5	6 053	6 315	-262	5 165	888
Tal utskrivne pasientar	17	23	-6	22	-5	214	221	-7	179	35
Polikliniske kons. m/refusjon	186	228	-42	194	-8	1 627	2 092	-465	2 051	-424
Psykisk helsevern barn og unge										
DRG poeng	477	553	-76	477	0	4 381	5 011	-630	4 266	115
Tal heildøgnsopphald UPH	96	143	-47	109	-13	826	1 054	-228	1 018	-192
Tal utskrivne pasientar UPH	10	12	-2	10	0	80	94	-14	105	-25
Polikliniske kons. m/refusjon	1 369	1 840	-471	1 673	-304	12 822	16 673	-3 851	15 291	-2 469

Psykisk helsevern for vaksne (VOP/TSB)

Aktiviteten innan PHV for vaksne har vore god i høve plan for perioden. Akkumulert har vi litt lågare aktivitet enn i fjor.


Innan TSB er aktiviteten lågare enn plan for perioden. Akkumulert har vi vesentleg høgare aktivitet innan døgnsopphald enn i fjor.

Psykisk helsevern for barn og unge (PBU)

Aktiviteten i perioden har vore lågare enn plan og i fjor.

Beleggsprosent

Reell beleggsprosent for Psykisk helsevern, klokka 7



ØKONOMI

Artskonto	Regnskap	Budsjett	Avvik	Regnskap Hittil	Budsjett Hittil	Avvik Hittil	Årsbudsjett
☒ ISF inntekter	52 170	55 316	-3 146	526 467	539 182	-12 715	647 294
☒ Gjestepasient inntekter	2 040	2 830	-790	27 474	27 829	-355	33 067
☒ Poliklinikk og andre pasientinntekter	13 787	15 557	-1 770	137 482	142 557	-5 075	173 290
☐ Pasientrelatert inntekt	67 996	73 703	-5 707	691 423	709 568	-18 145	853 651
☒ Basistilskudd	222 454	222 751	-297	2 112 490	2 111 901	590	2 586 842
☒ Andre inntekter	5 402	6 208	-806	54 966	59 015	-4 049	71 632
☐ Sum Driftsinntekter	295 852	302 662	-6 809	2 858 879	2 880 483	-21 604	3 512 125
☒ Varekostnader og Helsetjenester	-43 645	-43 006	-640	-424 510	-412 140	-12 369	-508 667
☒ Lønn- og personalkostnader	-206 638	-200 845	-5 793	-1 961 832	-1 916 664	-45 168	-2 334 824
☒ Øvrige kostnader	-42 201	-47 138	4 936	-405 744	-435 024	29 280	-528 644
☒ Av- og Nedskrivning	-8 533	-8 423	-110	-80 859	-84 163	3 304	-101 000
☐ Sum Driftskostnad	-301 018	-299 411	-1 606	-2 872 946	-2 847 992	-24 954	-3 473 135
☐ Driftsresultat	-5 165	3 250	-8 416	-14 067	32 491	-46 558	38 990
☒ Finans	-587	-1 584	997	-1 618	-15 824	14 206	-18 990
☐ Sum Finans	-587	-1 584	997	-1 618	-15 824	14 206	-18 990
☒ KAPP-konto				0		0	
☐ Totalresultat	-5 752	1 667	-7 419	-15 684	16 667	-32 351	20 000

Perioden

Resultatet i oktober er -5,8 millionar kroner, noko som gjev eit avvik mot budsjett på -7,4 millionar kroner.

Aktiviteten i somatikken var i perioden lågare enn budsjettert. Saman med lågare poliklinikk og andre pasientinntekter utgjer det eit samla negativt avvik knytt til pasientrelaterte inntekter i perioden på -5,7 millionar kroner. Andre inntekter hadde også eit negativt avvik i perioden, og samla var inntektene med dette -6,8 millionar kroner lågare enn budsjettert.

Det er i perioden meirforbruk på varekostnader. Hovudårsaka er medikamentkostnader, her under spesielt store utgifter til medikament for å behandle enkeltpasientar. Det er i perioden meirforbruk knytt til gjestepasientkostnader, medan det er lågare kostnader knytt til pasienttransport og medisinsk heimebehandling enn budsjettert. Øvrige kostnader er lågare enn budsjettert, hovudsakleg grunna avsetjingar i budsjett og låge straumkostnader.

Løns- og personalkostnader er i perioden 5,8 millionar kroner høgare enn budsjettert. Meirforbruket knyter seg særskilt til høgare overtidskostnader enn budsjettert, samt meir bruk av vikarar. Kostnader til utvida arbeidstid (UTA) er i perioden 1,1 millionar kroner over budsjett. Lønsrefusjonane var i perioden 2,3 millionar høgare enn budsjettert, og bidrog til å redusere det samla avviket knytt til løn og personale.

Akkumulert

Resultatet hittil i år er på -15,7 millionar kroner, noko som gjev eit avvik mot budsjett på -32,4 millionar kroner.

Driftsinntektene er samla -21,6 millionar kroner bak budsjett. Ei negativ utvikling i pasientrelaterte inntekter dei siste månadene har vore spesielt utslagsgjevande, og utgjer samla 18,1 millionar kroner av dette.

Samla løns- og personalkostnader er 45,2 millionar kroner høgare enn budsjettert hittil i år pr oktober. Hovuddrivarene til meirforbruket så langt i år er kostnader knytt til overtid med 25,2 millionar kroner meir enn budsjettert, vikarar 22,8 millionar kroner meir og innleige 15,5 millionar kroner høgare enn budsjettert. Lønsrefusjonar samla er 17,6 millionar høgare enn budsjettert, og reduserer med det meirforbruket.

Hittil i år er det eit samla meirforbruk knytt til varekostnader, hovudsakleg knytt til medikament og medisinske forbruksvarer på samla 28,4 millionar kroner, medan det er eit mindreforbruk knytt til kjøp av


helsetenester/gjestepasientar. Øvrige kostnader er lågare enn budsjettert grunna avsetjingar i budsjettet og lågare straumkostnader, medan pasienttransport er i balanse. Rentekostnader og avskrivningar er samla per oktober lågare enn budsjettert.

Likviditet

Ved utgangen av oktober hadde Helse Førde ein negativ saldo på konto med -285 millionar kroner. Skattetrekksmidlar vert haldne utanfor i den summeringa, og det var ved utgangen av månaden sett av 105 millionar kroner til skattetrekk.

Det var i løpet av månaden ingen særskilde inn- eller utbetalingar utover normal drift og budsjetterte investeringar. Det var samla utbetalt 47 millionar til investeringar i perioden. Dette er noko lågare beløp enn føregåande månader, der utbetalingar til investeringar i snitt har vore over 50 millionar kroner.

Helse Førde har per september ei disponibel trekkramme på driftskreditten på 666,5 millionar kroner. Driftskredittramma skal i hovudsak dekke pensjonsforpliktingar. Grunna store utgifter til investeringar gjennom 2023, først og fremst til Nye Førde sjukehus, er det stort press på likviditeten. Helse Førde vil vere avhengig av kassekreditten framover for å ha disponibel likviditet. Framskriving av likviditeten basert på kjende forhold og prognose for 2023, følgjer av figuren under.




MEDARBEIDARAR

Sjukefråvær

Sjukefråværsprosent

År ● 2019 ● 2022 ● 2023



År	Jan	Feb	Mar	Apr	Mai	Jun	Jul	Aug	Sep	Okt	Nov	Des
2023	7,6	7,4	7,5	7,5	6,4	6,6	7,5	6,4	7,7			
2022	7,7	10,4	9,6	7,3	7,0	7,2	8,3	6,1	6,1	6,8	6,5	7,9
2019	6,8	7,5	7,2	5,6	6,0	6,9	6,0	6,0	6,1	6,0	6,7	6,5
Snitt hittil i år	7,6	7,5	7,5	7,5	7,3	7,2	7,2	7,1	7,2			

Samla sjukefråvær for Helse Førde i september var 7,7 prosent. Utviklinga er negativ samanlikna med førre månad. Det var ein svak vekst i korttidsfråværet, men størst vekst i langtidsfråværet.

Sjukefråværsprosent kort og lang tid

● Kort tid prosent ● Lang tid prosent

